



Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/618 - 23/9377

Sakshandsamar:

Kjersti Andvik

kjersti.andvik@masfjorden.kommune.no

Dato:

09.11.2023

Referat frå FAU-møte onsdag 04.10.23 kl. 19.00

FAU Sandnes skule skuleåret 2023/2024

1. klasse: Elise Kvamme Andersen, vara: Stine Pahlm Hindenes
2. klasse: Merete Myhr Hope
- 3./4. klasse: Per Einar Langhelle, vara Roald Kvingedal
5. klasse: Kariann Ekren,
- 6./7. klasse: Cato Eide, vara Joanna Skrzyczek
8. klasse: Jon Kjetil Strand, vara Lene Kvinge Tvedt
- 9./10. klasse: Tina Korsøen Fjellby, vara Linn Andvik Lahti

Desse møtte:

Per Einar, Kariann, Cato, Jon Kjetil, Linn og Elise

Ikkje alle medlemmane i FAU hadde motteke innkalling til møte, då det var usikkerheit i forkant av møte kven som var foreldrekontakt i dei forskjellige klassane. Nokre klassar i ungdomsskulen hadde ikkje hatt foreldremøte i forkant av FAU-møte og det var difor ikkje heilt avgjort kven som var FAU-representantar for ungdomsskulen.

Sak 1: Orientering om Sandnes skule 2023-2024 v/rektor

Renee orienterte kort om skuleåret.

Sak 2: Konstituering av FAU og val av representantar til SU (2.pers)

Leiar: Cato Eide

Nestleiar: Per Einar Langhelle

Referent: Elise Kvamme Andersen

Det vart ikkje valt representantar til SU på møtet.

Sak 3: Samanslåing av ungdomsskulen Nordbygda/Sandnes og/eller enkelt-klassar

Det er kome ynskje frå nokre foreldre om samanslåing av ungdomsskulane på Sandnes og Nordbygda, evt. enkelte klassar. Dette er ei stor avgjering som vil påverke fleire enn berre dei som går på ungdomsskulen i dag og er ei sak som bør drøftast med fleire enn berre foreldra på skulen dersom dette er noko ein veljer å gå vidare med. FAU diskuterte ulike måtar ein kan løyse det på i forhold til å gi alle moglegheit til å uttale seg om kva dei eventuelt tenkjer om saka. Ein vert einig om at foreldrekontaktar i kvar klasse undersøker med foreldra kva tankar dei har før ein eventuelt gjer noko vidare.

Sak 4: Orienteringssak kiosk

Det er kome inn ynskje om å ha ein kiosk på skulen drive av elevane der ein kan handle i midtfriminuttet. Dette er ei sak som er vidaresendt frå skulen. FAU diskuterte saka og har valt å ikkje føre den vidare.

Sak 5: Ymse

Det er kome ny frivilligheitskoordinator i Masfjorden kommune, Kristin Kvamme Rasch. Ho ynskjer å delta på eit FAU-møte. Vert einige om å invitere ho med inn på neste møte.

18.10.2023

Elise Kvamme Andersen

Referent